

Samtalegudsteneste Bygland kyrkje 9. mai kl.11.00.

Ida. Tema nr 1: Gud.

I Truvedkjenninga vedkjenner vi oss trua på Gud Fader, den allmektige, han som skapte himmel og jord. I bibelens første kapittel står det at Gud skapte verda på 6 dagar. Av det vi veit no, er dette ikkje å forstå bokstaveleg. Poenget må vere at Gud har skapt universet, med alt det inneheld, og han har gjeve oss og alt levande sjølv livet i gåve. Gud er heller ikkje ein gammal mann som bur oppe i skyene ein plass. Gud er ånd, og kan vere hos alle menneske samstundes.

Anbjørg. Tema nr. 2a: Jesus. Kven var han?

I Truvedkjenninga vedkjenner vi oss trua på «Jesus Kristus, Guds einborne Son, vår Herre, som vart avla ved Den Heilage Ande, fødd av Maria møy». I Jesus bur Gud sjølv. Han er av same vesen som Gud. Men han vart fødd av ei vanleg kvinne. Så det bur altså både noko guddommeleg i Jesus, og noko menneskeleg. Det guddommelege kjem fram i dei mange undrene han gjorde. Det menneskelege kjem fram i at han i det daglege framstod som eit menneske. Han åt og drakk. Han synta kjensler. Han vart glad i dei han var saman med på same måte som vi.

Ingrid. Tema 2b: Jesus. Kva er Jesus for oss i dag.

Ei bøn begynner ofte med «Kjære Jesus». Det betyr at vi trur at han er hos oss når vi ber. Men vi kan jo ikkje sjå Jesus når vi ber. Da Jesus steig opp til himmelen på den dagen vi kallar Kristi Himmelfartsdag, gav han læresveinane eit løfte som alltid vert lest i samband med dåp. Det lyder sånn: «Sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.» Han forklarte det på denne måten: «Eg skal sende dykk Talsmannen, Den heilage ande, som skal vere hjå dykk for alltid». Det betyr altså at Jesus er hos oss gjennom Den heilage ande.

Therese. Tema 3: Den heilage ande.

Så er Jesus og gudsnærværet i våre liv verkeleggjort gjennom Den heilage ande. Jesus forklarar jo at Gud er Ånd. Så kan han vere til stades hos alle menneske samstundes. Den heilage ande vert ofte kalla trøystaren. I kyrkjekunsten vert ofte Den heilage ande framstilt som ei due. Det er fordi da Jesus vart døypt, såg han Guds Ande koma dalande ned over seg som ei due. Den heilage ande er hos oss og høyrer våre bønner, trøyster oss og styrker oss i våre liv.

Anja. Tema 4: Bibelen.

Vi kallar gjerne Bibelen for Guds ord. Her er det ein skilnad mellom islam og kristendom. I Islam lærer dei at Koranen er ei bok som er skriven av Allah i himmelen, og at boka vi har på jorda er ein kopi av den. Men om bibelen lærer vi at den er skriven av menneske som har fått ein bodskap frå Gud, og har skrive dette ned. Derfor kan det til dømes vere små skilnader mellom dei fire evangeliane: Matteus, Markus, Lukas og Johannes. Heile bibelen vert gjerne samanfatta i eit vers. Det verset kallar vi den vesle bibelen: Johannes 3,16: «For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.»

Caroline. Tema 5: Gudstenesta.

I eit gamalt bordvers står det: «Deg Gud til ære oss til gavn». Det er akkurat det same ein gudsteneste skal vere: Gud til ære og oss til oppbygging. Vi skal kjenne at vi har fått noko godt utav ei gudsteneste. Vi skal kjenne oss litt rikare inne i oss når vi forlèt ei gudsteneste. Samstundes ærer vi Gud. Vi lovsyng han namn og ære. Forma til ei gudsteneste kan kjennest framand og gammaldags. Men i kyrkja tek vi vare på dei gamle tradisjonane og gjev dei vidare frå slekt til slekt. Hovudelementa i ei gudsteneste er: Bibellesing og ei preike som tek utgangspunkt i dagens tekst. Det er salmesong og bøn, truvedkjenning, syndsvedkjenning og velsigning. Ofte vert det også feira nattverd der vi tek imot Jesus i brødet og vinen.

Oskar. Tema 6: Kyrkeåret.

Det er tre store høgtider i kyrkjeåret. Det er jul, påske og pinse. Jul feirar vi fordi Guds son, Jesus, kom til verda da Maria møy fødte Jesus i ein stall i Betlehem. Påske feirar vi fordi Jesus vart krossfest, døydde og vart gravlagd for vår skuld. Dette gjorde han for å ta på seg den straffa vi hadde fortent. Og så stod han opp på den tredje dagen og lever og er med oss i våre liv den dag i dag. Pinse feirar vi fordi det var på denne dagen Jesus sine læresveinar fekk Den heilage ande. Gjennom Den heilage ande er Jesus med oss i våre liv den dag i dag.

Jon. Tema 7: Kyrkjelege handlingar.

Vi har fire kyrkjelege handlingar. Det er dåp, konfirmasjon, ekteskapsinngåing og gravferd. I dåpen legg vi eit barns framtid i Gud hender. Vi ber om Guds velsigning over barnet og at Gud må styrkje den som vert døypt med sin nåde til det evige livet. I konfirmasjonstida lærer vi om det vi er døypt til, og om kva kristendom og kristen tru er for noko. Da har vi eit grunnlag for å ta stilling til kristendomen sjølv. Ved ekteskapsinngåing vert dei to som skal gifte seg spurde om dei vil elska og æra kvarandre og vera trufast hos kvarandre i gode og vonde dagar, -til dess døden skil dykk åt. I ei gravferd tek vi eit siste og verdig farvel med den som er død.

Eskild. Tema 8: Fasteaksjonen.

Konfirmantane har tradisjonelt vore med på ein dør-til-dør-aksjon for å samle inn pengar til Kirkens nødhjelp sin fasteaksjon. På grunn av korona-restriksjonar var dette ikkje mogleg i år. Vi var i staden med på å slå eit slag for ein digital fasteaksjon. Aksjonen i år hadde mottoet: Forandre – For andre. Det som det vart samla inn pengar til, var arbeidet med å skaffe reint vatn til alle. For 250,- kronar kan ein gje reint vatn for ein person resten av livet. Lite pengar gjer på den måten ein stor skilnad for dei som får tilgang på nok vatn og reint vatn for resten av livet.

Tomas. Tema 9: Om livet og kjærleiken.

Dette temaet handlar mellom anna om korleis vi skal møte alle dei stemmene der ute som vil ha vår merksemd. Livet kan vere vanskeleg for mange. Det er mange utfordringar vi som er unge møter og det vert etter kvart mange vanskelege val vi må ta. Som unge er det viktig at vi finn vår eigen veg, og sjølv setter dei grensene vi vil ha i våre liv, og vi må be andre om å respektere dei. Det er viktig å gjere seg opp ei meining om fart og spenning, rusmidlar og seksualitet. Livet er dyrebart. Vi må ta godt vare på oss sjølve.